



Vestnorsk kulturakademi

Kulturbasert næringsutvikling • Etter- og vidareutdanning

Årsmelding 2016

Hovudmålsetjinga til Vestnorsk kulturakademi er å ta vare på, formidla og vidareutvikla erfaringskunnskapen som ligg i den vestnorske kulturen.

Vestnorsk kulturakademi (VKA) er eit regionalt senter for kulturbasert næringsutvikling og etter- og vidareutdanning, basert på handlingsboren kunnskap. Vi tilbyr undervisning på universitets- og høgskulenivå i samarbeid med Universitetet i Bergen og Høgskulen i Bergen, helge- og kveldskurs i handverks- og byggjeteknikkar, og næringsretta prosjekt, spesielt med sikte på nyetablering og kompetansebygging innan mat, jord/skogbruk, reiseliv og handverk.



Historikk

Stifting og eigarskap

Initiativet til opprettinga av Vestnorsk kulturakademi vart teken av den dåverande Høgskulenemda i Voss kommune hausten 1992. Allereie hausten 1996 kom det første fagstudiet i gang her på Voss. I eit samarbeid mellom Voss kommune, Hordaland fylkeskommune, Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Husflidslag, Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen vart *Stiftinga Vestnorsk Kulturakademi* etablert i 2001. Stiftarane utgjer styret for VKA, og det er for tida Hordaland Fylkeskommune sin representant som er styreleiar.

Vestnorsk kulturakademi

Verksemda ved VKA har frå starten av vore konsentrert om etter- og vidareutdanning innan handlingsboren kunnskap, immateriell kulturarv og tradisjonshandverk, og retta inn mot kulturbasert næringsutvikling. På det faglege plan vert det samarbeidd med Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bergen, og i alt seks ulike fag har vore tilbode gjennom åra. Vi arbeider no med å vidareutvikle tilbodet ved VKA innanfor etter- og vidareutdanning knytt til dei tre fagområda våre, som er tekstilkultur, byggeskikk og matkultur, og vi ynskjer å utvikle ei erfaringsbasert masterutdanning knytt til desse tre fagområda og den immaterielle kulturarven.

«..etter- og vidareutdanning, kurs, verkstader, aktivitet for born, vaksne og eldre, møte og samkome...»

«...revitalisering og praktisering av handlingsboren kunnskap...»

Ved sida av undervisning og dokumentasjon knytt til etter- og vidareutdanningstilboda, driv VKA kursverksemd og verkstader. Lokala våre vert dessutan brukt til aktivitet for born, vaksne og eldre i regi av Voss Husflidslag, Voss Bygdekvinnelag, og andre lag, og til ulike møte og samkome.

Bygningsvernsenteret

Initiativet til opprettinga av eit bygningsvernsenter for den vestnorske byggeskikken vart teke av VKA hausten 2013. Etter eit lengre forarbeid vart Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger (BVS) opna i desember 2014. Viktige samarbeidspartnarar er Byggmeisterforbundet Voss/Hardanger, region Vest, og fylkeskonservatoren hjå Hordaland fylkeskommune. Desse er representerte i styringsgruppa for senteret, som i tillegg har representantar frå lokale museer og frå Universitetet i Bergen. Styreleiaren ved VKA er også leiar av styringsgruppa for BVS.

Bygningsvernsenteret set freda og verneverdige bygningar på dagsordenen. Slike bygningar er ein viktig del av kulturarven. Dersom dei forfell eller vert rive, misser kulturlandskapet sitt særpreg og den kulturelle identiteten til lokalsamfunnet vert svekka. Senteret si oppgåve er å sørge for istandsetting og vedlikehald av desse bygga slik at dei kan fungere som identitetsmarkøra også i samtid og framtid. Skal oppgåva realiserast, treng vi ein revitalisering og praktisering av handlingsboren kunnskap; dette bidreg Bygningsvernsenteret til ved å utføre restaureringsoppdrag der ein samstundes gjev tilbod om kurs i sentrale handverksteknikkar og i materialkunnskap.

1. Økonomi

Tilboda og drifta ved Vestnorsk kulturakademi vert primært finansierte ved offentlege tilskot, studieavgift frå studentane, studiestønad, samt sal av grindbygg og laftestover. Det er egne løyvingar til Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger, som er ei avdelingsverksemd organisert under VKA. VKA har i år motteke driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune og frå Voss kommune, samt gåver/bidrag frå Byggmeisterlauget og lokale fond. Styret ved VKA arbeider saman med dagleg leiar for å sikre gode økonomiske rammer, slik at ein kan halde egne kurs, planleggja og etablera fagleg samarbeid med eksterne aktørar over tid, og sikra ei økonomisk forsvarleg dagleg drift av VKA og BVS.

Eit viktig mål på sikt er å betre grunnfinansieringa av VKA og BVS. Slik kan VKA oppfylle samfunnsrolla si som tradisjonsbevarer, og ta initiativ til aktivitet og nyskaping i nærmiljøet. Auka grunnfinansiering vil gje grunnlag for vidareutvikling av verksemda, auka deltaking og fleire lokale arbeidsplassar. Auka fylkeskommunalt tilskot vil òg kunne utløyse auka tilskot frå anna hold.

Studietilboda sin økonomi

Eit studietilbod med 3 fag og i alt 6 semester undervisning kvart år, kvart av desse med femten studentar, gjev inntekter på om lag kr 900 000. Utgifter til fagansvarlege og innleigde førelesarar kjem på om lag kr 120 000 per fag, til saman om lag kr 720 000. I tillegg kjem avgifter til eksamensansvarleg instans på ca. kr 30 000 per fag, til saman om lag kr 180 000. Med femten studentar går kvar studieeining i balanse, medan tjue studentar ved eit fag gjev inntekter for VKA, med inntil kr 50 000 for kvar studieeining på eitt semester. .

Studietilboda våre kan, for å lukkast, ikkje ha meir enn rundt 20 studentar, og ein må difor rekne studietilbodet som ein kjerneaktivitet for VKA, men ikkje som ei stor inntektskjelde.

Bygningsvernsenteret har både kursinntekter og inntekter frå restaureringsoppdrag, og mottek prosjektmidlar til einskilde pågåande prosjekt.

Driftsgrunnlag

I 2016 mottok VKA driftstilskot frå Voss kommune på kr 100 000, og løyving til drift frå Hordaland fylkeskommune på kr 315 000. Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger mottok i 2016 andre årstildeling av det to-årlege KUP-tilskotet på kr 400 000 og eit tilskot på kr 50 000 frå Byggmeisterlauget/BNL. Det vert dessutan gjeve noko tilskot i ettertid for kvart kurs, frå Studieforbundet kultur og tradisjon og dels frå Kulturminnefondet.

Den daglege drifta av VKA er utfordrande grunna den usikkerheita det gjev at driftsstøtte må søkjast frå år til år, og at tilskota dessutan er for låge til å verkeleg monna. Spesielt gjeld dette for den administrative leiinga. Over mange år har denne vore ivareteken gjennom deltidsstillingar. Dette gjev ein mangel på kontinuitet og mindre mogelegheit for nyskaping enn ein skulle ynskt.

VKA har no dagleg leiar i 50 % stilling, noko som må sjåast som ei minimumsløysing og bør aukast. Dagleg leiar står for den daglege drifta, med arbeidsutvalet og eit breitt samansett styre som referanse. Ved BVS er det tilsett dagleg leiar i heil stilling.



Erik Aakre

Erik har vore dagleg leiar for Bygningsvernssenteret i heil stilling sidan oktober 2015. Han har arbeidd i mange år som møbelsnikkar, og har ansvar for prosjektering og utføring av restaureringsoppdraga til Bygningsvernssenteret ved VKA.



Bridget Penny

Bridget har vore dagleg leiar for VKA i halv stilling sidan oktober 2015. Ho er religionsvitar og pedagog, og har arbeidd som lærar i ei årrekke. Tidlegare har ho arbeidd på museum og snikkari, med nettsider og tekstar, og vore leiar innan friviljug arbeid.

3. ORGANISASJONSFORM

Vestnorsk kulturakademi er organisert som ei stifting.

Styret

Styret for Vestnorsk kulturakademi har i 2015 vore samansett slik:

Atle Ove Martinussen,	Hordaland fylkeskommune, Kulturseksjonen, <i>styreleiar</i> .
Gunnar Nagell-Dahl,	Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga, <i>nestleiar</i> .
Vidar Skeie,	Voss Kommune
Guttorm Rogdaberg,	Vestnorsk kulturakademi.
Julie Alver Tønsaker Watkins,	Universitetet i Bergen (UiB).
Torild Finsrud Velure,	Hordaland Husflidslag.
Bjørge Kristin Selvik,	Høgskulen i Bergen (HiB).

Varamedlemer:

Katrina Øvsthus Stavenes,	Voss Kommune
Hans Jacob Ågotnes,	Universitetet i Bergen (UiB).
Per Arne Michelsen,	Høgskulen i Bergen (HiB).
Kristi Nilsen,	Hordaland Husflidslag

I 2016 har det vore 4 styremøter, i april, juni, oktober og desember. Styret har handsama 51 saker.

5. TILSETTE

Fagpersonar frå universitet og høgskule samt innleide førelesarar og praktiskarar utgjer personalressursane som underviser ved Vestnorsk kulturakademi. I 2016 har Bridget Penny vore tilsett som dagleg leiar i 50% stilling. Dagleg leiar tek seg av administrative og praktiske funksjonar, og har hovudansvar for organisering og marknadsføring av kurs og fagtilbod. Erik Aakre er tilsett i 100% stilling som dagleg leiar for Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger ved VKA.

6. STUDIETILBOD

STUDENTAR VED VKA

Studentane ved VKA kjem frå heile vestlandsregionen og Sør-Noreg. I 2016 har VKA hatt tilbod om studia *Tekstilkultur I* og *II*, med 20 studieplassar på kvart semester. 23 vidareutdanningsstudentar har teke faget dette året.

FAGTILBOD 2016

I 2016 var det tilbod om studia *Tekstilkultur I* og *II*, med 15 studiepoeng på kvar. Dette er eit fagtilbod på høgskulenivå. Faget har ein fagansvarleg knytt til KhiB. Talet på samlingar ligg på 5 per fag/halvår. Undervisningsopplegget omfattar førelesningar, seminar, praksis, og ekskursjonar, i eit samvirke mellom dei tre typar av lærekrefter som VKA opererer med. I undervisninga vert det lagt stor vekt på dialog mellom lærar og student. Den teoretiske og den praktiske delen av studiet skal ha like stor merksemd på samlingane. Semesteret vert avslutta med skriftleg og munnleg eksamen; skuleeksamen på del 1 og ei oppgåve med sjølvvald tema på del 2.

Tekstilkultur

Tekstilkulturfaget er eit studium om tekstilhistorie, ressursar, tilverking, bruk og vedlikehald av tekstilar. Studiet er for alle som arbeider eller er i kontakt med tekstilfag, som t.d. museumstilsette, skreddarar, designarar, bunadsfolk, lærarar, husflidshandverkarar, kulturarbeidarar og andre. Vestnorsk kulturakademi og Høgskulen i Bergen samarbeider om dette faget. Målet er å gje ei utdanning på høgskulenivå i tekstilfag med hovudvekt på tekstilkultur. Tekstilkultur 1 legg vekt på innføring i materialar og teknikkar. I Tekstilkultur 2 vert det lagt vekt på eit kulturhistorisk perspektiv.

7. KURS

BVS sitt kurs *Lag din egen høvel*, som gjekk over 19 timar, hadde 9 deltakarar. Kurs i muring av steinkvelvbru hadde to samlingar, kvar på 96 timar, med 4 deltakarar. Her var det også fleire til stades som ikkje deltok fullt ut. Kurset *Tilvirking og reising av Vossaløe* gjekk over 49 timar med 5 deltakarar, og 12 timars kurs i skifer hadde 11 deltakarar.

VKA arrangerte 3 kurs i grindbygg, med Trond Herfindal som kursleiar, og 10, 7 og 5 deltakarar. Grindbyggkursa er helgekurs på 22 timar fredag-sundag, der gruppa saman førebur og reiser eit grindbygg/laftebygg i løpet av helga. I april og november vart det halde kurs i spinning på 9 timar, med Kristi Nilsen som kursleiar. Kursa hadde 3 og 9 deltakarar.

8. ANDRE AKTIVITETAR

Open dag

26. november arrangerte VKA Open Dag i samarbeid med Kulturverkstaden Magasinet. På VKA var det kafè og opne verkstader, med utstillingar og sal på vevstova og trebua, bakst i bakstehuset, arbeidsstove for born og køyring med hest og vogn. Husflidslaget tok del på dette arrangementet. Det vart arrangert kurs i spinning samstundes, og dette fekk god omtale i Avisa Hordaland.

Tekstilt nettverk

I 2014 vart det etter initiativ frå VKA oppretta eit tekstilt nettverk med utgangspunkt i tidligare elevar frå Tekstilkultur ved VKA. Dette skal vera eit nettverk der personar med tekstilkompetanse kan utveksla erfaringar og saman kan jobba for at den tekstile kulturarven vår vert teke vare på.

Arbeidsstove

Husflidslaget har hatt arbeidsstove ved VKA vår og haust 2017, der born frå 2.-5. klasse har knipla blonder, spikka knivar, klypt, karda, spinna, farga og vevd med ull, og hatt songleik.

Husflidslaget sine temakveldar

Husflidslaget arrangerte fleire temakveldar i VKA sine lokale der det vart fortald om og demonstrert ulike husflidsteknikkar.

Kurs og grupper møtast på VKA kvar veke og kvar månad for å drive med knipling, kvitsaum, nupereller, akvarellmaling og andre aktivitetar. Trebua og vevstova er i dagleg bruk.

Utleige

Kjøkkenet har vore utleigd fleire gongar til festlege lag.

9. SAMARBEIDSPARTNARAR 2015

Universitetet i Bergen (UiB)

Universitetet i Bergen er Vestnorsk kulturakademi sin sentrale samarbeidspart når det gjeld studietilbodet *Byggeskikk i praksis*. UiB er fagleg ansvarleg for dette fagtilbodet ved VKA.

Høgskulen i Bergen (HiB)

Høgskulen i Bergen er fast fagleg samarbeidspart for fagtilbodet *Tekstilkultur*.

Kommunane Voss, Vik, Granvin og Ullensvang

Voss kommune er ein av stiftarane av VKA og er såleis ein viktig samarbeidspartnar og bidragsytar til drifta, med politisk oppnemnt representasjon i styret for VKA. Vi hadde eit møte med flyktningkonsulenten i Ullensvang kommune, med tanke på eit evt samarbeid om eit tilbod for flyktningar i kommunen.

Byggmesterforbundet Voss/Hardanger, region vest

Byggmesterforbundet er samarbeidspartnar i samband med drifta av Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger, med ein representant i styringsgruppa.

Studieforbundet Kultur og Tradisjon

Studieforbundet Kultur og Tradisjon gjev økonomisk stønad for gjennomførte undervisningstimar på studietilbod og kurs.

Voss Bygdekvinnelag

Voss Bygdekvinnelag har kurs, møter og samlingar på VKA.

Næringshagen på Voss

Vestnorsk kulturakademi er medlemsbedrift i Næringshagen på Voss og har eit godt samarbeid om ulike prosjekt i Næringshagen der VKA står for regionen, t.d. opprettinga av Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger. Vestnorsk kulturakademi har ein representant i styret for Næringshagen på Voss.

Kulturverkstaden Magasinet

Vestnorsk kulturakademi har ein representant i styret for Kulturverkstaden Magasinet.

10. FRAMLEIS DRIFT

Styret for stiftinga Vestnorsk kulturakademi meiner at vilkåra for framleis drift er til stades.

Årsmeldinga er godkjend,

Voss, den 30.05.17

Atle Ove Martinussen
Styreleiar, Hordaland fylkeskommune,
Kulturseksjonen

Julie Alver Tønsaker Watkins
Styremedlem, Universitetet i Bergen

Gunnar Nagell-Dahl
Nestleiar, Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavdelinga

Bjørg Kristin Selvik
Styremedlem, Høgskulen i Bergen.

Torild Finsrud Velure
Styremedlem, Hordaland Husflidslag

Vidar Skeie
Styremedlem, Voss kommune

Guttorm Rogdaberg
Styremedlem, Vestnorsk kulturakademi

Vedlegg:

1. Revidert rekneskap for 2016
2. Balanse for 2016